



## Notat

Dato: 14.10.2016  
Arkivsak: 2016/10915-1  
Saksbehandlar: marmorb

---

**Til:** Utval for opplæring og helse  
Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Midtvegsrapport frå mobbeombodet

Utdanningsdirektoratet utlyste i 2014 midlar til mobbeombod som prøveprosjekt. Fire fylkeskommunar fekk midlar. Stillinga blei utlyst våren 2015. Mari-Kristine Morberg starta opp som mobbeombod for elevar i den vidaregåande skulen og lærlingar i Hordaland august 2015.

For dei andre fylka er prøveprosjektet nå avslutta, og alle mobbeomboda har rapportert til Utdanningsdirektoratet. Mobbeombodet ønskjer å rapportere til politikarane i Hordaland slik at dei er kjende med kva som rører seg på dette feltet i fylket. Denne midtvegsrapporten bygger mellom anna på rapporten til direktoratet og trekkjer fram område mobbeombodet ser på som viktige i arbeidet mot mobbing i dei vidaregåande skulane. Rapporten ligg som vedlegg til denne meldinga.

Vedlegg: Midtvegsrapport frå mobbeombodet